

Oppsummering av kommunane sitt arbeid med gjødsel og forureining i 2018

Lagring og bruk av husdyrgjødsel og silo/pressaft er omfatta av forskrift om gjødselvarer m.v. av organisk opphav nr. 951 av 4.juli 2003. Kommunane skal etter § 29 føre tilsyn med at del III i forskrifta vert etterlevd, lagring og bruk. Kommunane kan etter § 32 gi pålegg om retting av forhold som er i strid med forskrifta eller vedtak gitt i medhold av forskrifta.

Fylkesmannen i Vestland gjennomførte i mars 2019 ei undersøking om kommunane sitt arbeid med forureiningskontroll og forvaltning av forskrift om organisk gjødsel i 2018. Vi fekk tilbakemelding frå 44 av 59 kommunar, 75 %.


I Hordaland svarte 22 av 33 kommunar, 67 %.

I Sogn og Fjordane 22 av 26 kommunar, 85 %.

Her er ein kort presentasjon av tal frå undersøkinga og generell informasjon om forvaltning av *forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav*.

Kontrollaktivitet i 2018

Det blei kontrollert 66 gardsbruk i dei to fylka. 17 i Hordaland og 49 i Sogn og Fjordane. Kontrollane vart gjennomført av 4 kommunar i Hordaland og 9 kommunar i Sogn og Fjordane.




Av tabellen ser vi at det samla i dei to fylka er kontrollert 66 gardsbruk for tilhøve som vedkjem lagring og bruk av gjødsel/pressaft og andre forureiningskjelder. 17 gardsbruk i Hordaland og 49 i Sogn og Fjordane. Kontrollen er gjennomført av 4 kommunar i Hordaland og 9 i Sogn og Fjordane. For 7 gardsbruk var ikkje kontrolltype opplyst. Mange kommunar ser på tilhøve som vedkjem lagring og bruk av gjødsel/pressaft og anna forureiningsfare i samband med kontroll av produksjonstilskot.

Det vart gjeve 6 pålegg om utbetring etter kontroll.

36 elvar/bekkar vart kontrollerte av kommunane i 2018. Tre kommunar i Hordaland kontrollerte 4 elvar/bekkar. Seks kommunar i Sogn og Fjordane kontrollerte 32 elvar/bekkar. Ein del av desse kontrollane er årlege vassprøver som vert tekne på faste stader i samband med overvåking av vasskvaliteten.

	Kontr. gardsbruk	Kontr. husdyrgjødsel	Pålegg	Kontr. Silo/pressaft	Pålegg	Kontr. Elvar/bekk	Mangler kontroll opplysning
Hordaland	17	10	1	7	2	4	0
Sogn og Fj	49	25	2	17	1	32	7
Vestland	66	35	3	24	3	36	7



Dispensasjon frå spreingsfrist

Undersøkinga syner at det i 2018 vart handsama 147 søknader om spreieing av husdyrgjødsel utan nedmolding etter 1. september. Tre søknader vart avslått. 30 kommunar har innført lokal forskrift for frist for spreieing av husdyrgjødsel. Fordelinga av innvilga dispensasjonar er slik:

	Kommunar med lokal forskrift	Innvilga disp.søknader etter 1. sept.	Innvilga disp.søknader etter lokal forskrift	Innvilga disp.søknader etter 1.okt.	Avslag etter lokalforskrift	Avslag etter 1. okt.
Hordaland	12	14	9	22	0	0
Sogn og Fj	18	15	80	4	1	2
Vestland	30	29	89	26	1	2

Årsak til søknad om dispensasjon:

- Spesielle tilhøve i 2018 med tørr forsommar med tørke der mange la opp til ein 3. slått. Så kom det svært mykje nedbør i september og utover hausten
- Teknisk svikt på gjødselutstyr

Lokal forskrift for spreieing av husdyrgjødsel

	15. sept.	20. sept.	30. sept.	1. okt.	Utan dato	Kommunar
Hordaland	1	5	0	5	1	12
Sogn og Fj	4	8	5	1		18
Vestland	5	13	5	6		30

30 av 44 kommunar har vedteke lokal forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav. 12 kommunar i Hordaland og 18 i Sogn og Fjordane.

Dispensasjon frå gjødslingsplan

	Innvilga søknader om disp.	Avslag om disp
Hordaland	63	3
Sogn og Fj	7	0
Vestland	70	3

I Hordaland var det 7 kommunar som hadde gjeve fem eller fleire dispensasjonar.

Innmarksbeite

	Godkjenning av innmarksbeite som spreieareal	Bruk av husdyrgjødsel i utmark for opparbeiding av innmarksbeite	Avslag
Hordaland	9	1	0
Sogn og Fj	0	1	0
Vestland	9	2	0

9 føretak har fått godkjent innmarksbeite fordelt på 6 kommunar.

Har kommunen rutiner for å vurdere forureiningsfare ved plassering av nytt fjøs og gjødsellager før det blir gitt byggeløyve?

	Ja	Nei	Usikker	Ikkje svar
Hordaland	15	5	1	1
Sogn og Fj	11	4	0	7
Vestland	26	9	1	8

Forvaltning av regelverk

Fristar for spreiring av husdyrgjødsel er regulert av § 23 i *forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav*. Spreiring av husdyrgjødsel utan nedmolding er i utgangspunktet berre tillate i perioden 15. februar til 1. september. Husdyrgjødsel som vert molda ned kan spreiest fram til 1. november. Med heimel i § 23, kan kommunen ved forskrift eller enkeltvedtak tillate spreiring av husdyrgjødsel utan nedmolding, fram til seinast 1. oktober. I tillegg har kommunen høve til å gje einskild brukarar dispensasjon for spreiring på eng utan nedmolding, mellom 1. oktober og 1. november dersom det ligg føre «særlege tilhøve», jf. § 31.

30 av 44 kommunar i fylket har vedteke lokal forskrift om frist for spreiring av gjødselvarer av organisk opphav.

Rapporteringa viser at ein del kommunar må bli meir atterhaldne og grundige i saksgangen i tilfelle der det er aktuelt å gje dispensasjon med heimel i § 31, dispensasjon etter 1. oktober. Det ligg eit strengt regelverk i botnen som regulerer spreiefristane og kommunane skal gjere stadeigne vurderingar av konsekvensar i si behandling av søknader om utsett spreiefrist.

Klimatiltak og vasskvalitet er aktuelle tema, og vi minner kommunane om ansvaret knytt til vassforskrifta og forvaltningsplanen for vassregion Sogn og Fjordane med tilhøyrande tiltaksplan. Ein del vassdrag er i dag vurdert med risiko for å ikkje oppnå god økologisk tilstand i framtida som følgje

av ulike påverknadskjelder, her under jordbruk, jf. Asplan Viak sine delrapportar om problemkartlegging og tiltaksanalyse for utvalde vassførekomstar.

Delrapportane viser at for ein del elvar er endra gjødslingspraksis eit viktig tiltak for å behalde eller forbetre miljøtilstanden i vassdraget. Desse faktorane må kommunen ta med i sine vurderingar om dispensasjonar frå spreiiingsfristen.

Landbruksdirektoratet i samarbeid med Mattilsynet og Miljødirektoratet har sendt over forslag til ny *forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav* til Landbruks- og matdepartementet 15. mars 2018. Etter avklaringar i LMD vil regelverket bli sendt ut på høyring før det vert teke endeleg avgjerd. Forslaget ligg endå i LMD og er ikkje sendt ut på høyring.

Oppmoding

- Fleire kommunar bør prioritere tilsyn med lagring og bruk av gjødselvarer av organisk opphav og kontroll med elvar/bekkar. Reint praktisk kan det gjennomførast i samband med kontroll av produksjonstilskot i jordbruket.
- Gardsbruk som år etter år har behov for dispensasjon frå spreiiingsfristen må kommunen krevje tiltak i driftsopplegg og lagerkapasitet, slik at bruken av husdyrgjødsel kan skje i tråd med regelverket, utan dispensasjon.